

IKT-reglement for elevar i Vestland fylkeskommune

1. Føremål

Reglementet skal fremje god samhandling, god orden, gode arbeidsvanar , slik at lærings- og arbeidsmiljøet i Vestland fylkeskommune blir trygt og godt

2. Verkeområde

Reglementet gjeld for deg som er elev i Vestland fylkeskommune når du brukar fylkeskommunen sine datanettverk, lokale, utstyr, system og programvarer. Reglane gjeld også ved bruk av privat eigd IKT-utstyr (PC, mobiltelefon osv.) i fylkeskommunale lokale og datanettverk.

3. Grunnreglar

IKT-løysingane til Vestland fylkeskommune er ein viktig del av lærings- og dannelsesarbeidet i skulen.

Det er ikkje lov å bruke fylkeskommunen sine IKT-løysingar til aktivitetar som

- ikkje er berekna for lærings- og dannelsesarbeidet i skule
- bryt norsk lov
- kan oppfattast som uetiske eller støytande

Du skal ikkje laste ned innhald som kan skade maskina eller er i strid med norsk lov.

Brot på dette vil blir meldt til politiet og andre myndigheiter.

4. Personvern og datatryggleik

“Personvern handlar om retten til privatliv og retten til å bestemme over eigne personopplysningar” (kjelde: <https://www.datatilsynet.no/rettigheter-og-plikter/hva-er-personvern/>)

HUGS:

- Dine data er ettertrakta, ver difor varsom når du er på Internett!
- Data du legg igjen kan sporast og nyttast av aktørar du ikkje kjenner hensiktene til.
- Ta omsyn til medelevar og andre i bruk av ulike media/system og Internett. Visrespekt for andre sine sensitive personopplysningar som person, kjønn, kjønnsuttrykk, kjønnsidentitet, etnisitet, livssyn, helseopplysningar, religion og seksuell orientering.
- Tenk gjennom korleis data/opplysningar om deg vert samla inn, brukt og delt på pc/ mac, nettbrett, mobiltelefon eller andre einingar.
- Tenk også gjennom korleis data/opplysningar om andre vert samla inn og kan bli spreidd vidare på nettet.
- [Sensitive personopplysningar](#) skal du berre dele i system/ordningar som er laga nettopp for dette. Personopplysningar er opplysningar som kan knytast til deg som person, som telefonnummer, e-post, personnummer eller bilete.

- Bruk systema skulen gjer deg tilgang til i skularbeidet. Snakk med lærar om du er i tvil. Data produsert av deg i desse er beskytta av avtalar,.

5. Personleg brukaridentitet og passord

Den fylkeskommunale brukaridentiteten din er personleg og berre du sjølv skal bruke han. Passordet ditt skal berre du kjenne til. Om du mistenkjer at nokon andre har tilgang til brukaridentiteten din, må du endre passordet og varsle om eventuelt misbruk.

Det er ein god regel å låse maskina (til dømes Win + L) når du ikkje brukar ho.

6. Bruk av IKT ved eksamen

I tillegg til dette ikt-reglementet gjeld det eigne retningslinjer for bruk av IKT ved eksamen.

Reglane for bruk av hjelpemiddel under eksamen finn du hjå Udir:

<https://www.udir.no/eksamen-og-prover/eksamen/forberede-og-ta-eksamen/#hjelpemidler>

7. Når du avsluttar opplæringa i Vestland fylkeskommune

- har du ikkje lengre tilgang til dei fylkeskommunale IKT-systema. E-postboksen din
- blir det personlege filområdet ditt (som skytenestane Office 365, It'sLearning eller Gsuite) sletta innan 3 månader.
- skal du slette lisensiert programvare tilhøyrande Vestland fylkeskommune frå datamaskina di.
- lyt du sjølv sikre deg ein kopi dersom du vil ha med deg data du har liggande i dei fylkeskommunale IKT-systema.

8. Ansvaret ditt:

- Du er ansvarleg for din bruk av dei fylkeskommunale IKT-systema.
- Du er ansvarleg for å ta sikkerheitskopi av dine eigne data som er lagra på maskina og andre stader enn i dei fylkeskommunale IKT-systema.

9. Ved brot på reglementet:

- All datatrafikk vert logga. Loggane blir gjennomgått dersom det er mistanke om grove brot på IKT-reglementet
- Du skal melde avvik dersom du opplever at nokon bryt tryggleiksreglane, eller oppdagar andre alvorlege brot på konfidensialitet, integritet eller tilgjenge.
- Brot på reglementet kan føre til sanksjonar etter ordensreglementet og utestenging frå fylkeskommunale IKT-system. Brot på norsk lov vert meldt til politiet.

<https://www.vestlandfylke.no/utdanning-og-karriere/hjelp-i-skulekvardagen/elev--og-larlingombodet/elev/>

<https://www.vestlandfylke.no/utdanning-og-karriere/lover-reglar-og-rettleiingar/>